
Saksnr: 2020/240-53
Saksbehandlar: Terje Haugsgjerd

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		25.05.2021

Tildeling Rom for møter- teknologi, spel og integrering 2021

Vestland fylkeskommune vedtek å løyve 250 000 kroner fordelt slik:

Søkn.nr.	Søklar	Prosjektnamn	Tilrådd sum
1	Strilabiblioteket, Alver kommune, avdeling Manger	Saman om spel (Rom for møte)	45 000
2	Askøy folkebibliotek	Rom for møte macerspace og teknologi	40 000
3	Bremanger folkebibliotek	Inkluderande nettfart	18 000
4	Etne bibliotek	Spelekrokar i Etne	25 000
5	Fedje folkebibliotek	Rom for møte	avslag
6	Fitjar folkebibliotek	Fitjargames	30 000
7	Osterøy bibliotek	Dataspel på biblioteket	avslag
8	Samnanger bibliotek	Fantasi og fellesskap	avslag
9	Stryn bibliotek	Rom for spel på Stryn bibliotek	10 000
10	Tysnes folkebibliotek	Gamingrom i biblioteket	40 000
11	Ullensvang bibliotek	Kreativ fritid, kreativ stad	30 000
12	Voss bibliotek	Spelehytta - eit rom i rommet	avslag
13	Årdal bibliotek	Rom for møte - spelerom i Årdal bibliotek	12 000

Det vert vist til vedlegget med oversikt over søklarar for grunngjeving av vedtaket.

Ordninga har som føremål å bidra til mangfald og betre integrering mellom nordmenn og innvandrarar, ved å ta i bruk felles arenaer og aktivitetar i samarbeid med frivillige i folkebiblioteka.

Det er kr 250 000 tilgjengeleg til prosjekt i kommunane utanom Bergen i 2021. Det kan søkast om midlar til å utvikle spelerom og aktivitetar knytt til spel i biblioteka.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Elin Golten
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Vedlegg

- 1 Oversyn søknadar Rom for møter- teknologi, spel og integrering 2021

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Folkebiblioteka skal vere ein stad for alle innbyggjarane i kommunen, uavhengig av politisk ståstad, religion og sosial bakgrunn. Å skape møte på tvers av ulikskap er viktig for å skape toleranse og tillit i samfunnet. Samfunnet blir stadig meir digitalt og teknologisk avansert, og dette har både fordelar og ulemper. Spel er ein viktig sosial aktivitet, og å kombinere spel og møte mellom menneske, først og fremst barn og unge, av ulik kulturell bakgrunn, gir eit godt grunnlag for meir mangfald og inkludering

Arbeidet med dataspel er og i tråd med Vestland fylkeskommune si satsing på e-sport og dataspel, og utviklinga av ein eigen e-sport-strategi for Vestland (jfr. PS 169 /2020). Ein viktig del i utvikling av spelefeltet er korleis fylkeskommunen kan bidra til meir kunnskap og kompetanse om dataspel og e-sport i samfunnet. Bibliotek har her ei viktig samfunnsoppgåve i å formidle kunnskap til alle, det gjeld også kunnskap om dataspel. Kompetanseheving og erfaringsdeling om spel og spelkultur er eit tiltak i prosjektet.

Rom for møter - teknologi, spill og integrering 2020-2021

Som eit verkemiddel for å styrke og vidareutvikle folkebiblioteka som integreringsarena, har Vestland innvandraråd i samarbeid med Bergen Off. Bibliotek og Hordaland fylkesbibliotek søkt og fått tildelt 1,7 millionar til prosjektet Rom for møte - teknologi, spel og integrering 2020-2021 frå Gjensidige-stiftinga. I 2020 delte Vestland fylkeskommune ut 250 000 kr i tilskot til sju prosjekt i biblioteka.

Løyvinga vert fordelt mellom samarbeidspartnerane, og Vestland fylkeskommune har i 2021 tilgjengeleg kr 300 000. 250 000 av desse midlane skal lysast ut til prosjekt i kommunar utanom Bergen. kr 50 000 er sett av til kompetanseheving og erfaringsutveksling i samsvar med tildeling frå Gjensidige-stiftinga.

Det er positivt at 13 bibliotek frå heile fylket søkte, sjølv i ein utfordrande situasjon med Covid-19. Søknadene er gode og følgjer kriteria i ordninga. Det er positivt at så mange bibliotek ønskjer å utvikle lokale spelerom og skape sosial aktivitet. Prosjekta omhandlar blant anna arbeid med integrering, motarbeide digitale skilje, og samarbeid med andre aktørar for å løyse tiltaka lokalt. Gjennom fleire søknadar og i kontakten med biblioteka er det vist til at bibliotektilsette og har behov for meir kompetanse om spel som eit grunnlag for tilbod og aktivitet.

Fylkeskommunen ønskjer å bruke kr 250 000 til prosjekttilskot og kr 50 000 til fellestiltak innan kompetanseheving og erfaringsutveksling i biblioteka i 2021. Dette er i tråd med tilsegna frå Gjensidigestiftinga og prosjektutlysinga i Rom for møte - teknologi, spel og integrering 2021. Kompetansetiltaka vil komme fleire bibliotektilsette til gode på tvers av kommunegrensar og kan vere ein måte å hjelpe bibliotek som ønskjer å arbeide med dette viktige samfunnsområde framover.

Denne saka følgjer opp tidlegare vedtak (jf. PS 5/2020, PS 57/2020, PS 88/2020), og viser kva rolle bibliotek kan ha i innan utvikling av dataspeling i Vestland fylke.

Føremål med ordninga

Føremålet med ordninga er å bygge vidare på det gode arbeidet som vert gjort for å bidra til mangfald og betre integreringa lokalt i biblioteka. Det kan gjerast ved å tilby digitalt utstyr og skape spelerom med aktivitetar som utviklar sosiale møteplassar i lokalsamfunna, i samarbeid med frivillige og andre relevante aktørar. Målet er at barn og unge møtast rundt felles interesser for teknologi og spel.

Generelt:

Vedtakskompetanse: Hovudutval for kultur, idrett og integrering, jf. vedteke reglement for hovudutval for kultur, idrett og integrering, punkt 3: Utvalet har avgjerdsmynde i saker som gjeld fordeling av fylkeskommunale tilskots- og stønadsordningar innanfor sitt arbeidsområde.

Budsjett 2021:

Sum kr 250 000

Søknadsfrist 2021:	03.05.2021
Vedtaks kriterier:	Utval for kultur, idrett og integrering dato 25.03.PS nr 47/2021
Kriterier og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida
Vår 2021	
Tal på søknadar:	13
Tal på søknadar som vart tildelt støtte:	9
Samla søknadssum:	Sum kr 548 870
Samla løyving:	Sum kr 250 000

Fylkesdirektøren sine overordna kommentar til innstillinga:

Ordninga syner korleis fylkeskommunen kan samarbeide med kommunale folkebibliotek og frivillige for å oppnå politiske mål innan integrering og digital inkludering. Søknadene synleggjer ei sterk vilje og ønskje hos biblioteka for å utvikle seg innan inkludering. Kompetanse om spel og teknologi hos biblioteka er ei viktig forutsetning for dette arbeidet. Søknadene er gode og følgjer kriterier i ordninga. Det er positivt at så mange bibliotek ønskjer å utvikle lokale spelerom. For å sikre god gjennomføring av prosjekta, har ein valt å satse på få prosjekta framfor å fordele litt til alle.

Absolutte kriterier

Ut frå tilsegna frå Gjensidigestiftelsen.

Vurderingskriterier

Det vert gjort ei heilskapsvurdering av søknadane. Søknadane vert vurderte og prioriterte ut frå følgjande kriterium:

- Tiltak som har eit tydeleg føremål, med plan og budsjett.
- Samarbeid med andre.
- Geografisk spreing i fylket.

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Løyving på kr 300 000 frå Gjensidigestiftinga i 2021. 250 000 kr lysast ut til prosjekt i kommunar utanom Bergen. Kr 50 000 skal nyttast til kompetanseheving og erfaringsutveksling

Klima:

Ikkje relevant.

Folkehelse:

Tilgang til gode bibliotektenester medverkar til å redusere sosial ulikskap, kan påverke livskvaliteten hjå mange brukargrupper og bidra til inkludering og integrering. I Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle heiter det at kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Tiltaka støttar FN sine berekraftsmål innanfor ein sosial dimensjon. Ordningane støttar opp om utviklingsplanen for Vestland sitt mål om lokalsamfunn som ramme for gode kvardagsliv. Ein av strategiane er at Vestland skal utvikle menneskevenlege og levande lokalsamfunn basert på stadeigne ressursar og kvalitetar. Innretning på ordninga er med på å oppfylle målsetjingar i regional plan for kultur i Hordaland 2015 - 2025 og regional plan for kultur Sogn og Fjordane 2019 - 2027. Tiltaka bidreg til å utvikle gode tenester og eit framtidsetta Vestland.

Konklusjon

Fylkesdirektøren ser at satsinga Rom for møte - teknologi, spel og integrering 2020-2021 kan bidra til inkludering og integrering. Vidare at folkebiblioteka gjennom prosjektet kan førebygge og minke teknologiske skilje i befolkninga. Spel er ein viktig sosial aktivitet som kan gje eit grunnlag for møte på tvers av kulturar, og dermed styrke mangfald. Prosjektet viser korleis folkebibliotek kan vere ein aktør for å legge til rette for møte mellom menneske og dataspel, samt auke kunnskapen om

dataspel og e-sport i Vestland fylke. Det skal skapast nye rom og samarbeidet mellom det offentlege og frivillige for å løyse viktig samfunnsoppgåver innan integrering.